

VEDTEKTER FOR VILLVETTENE FRILUFTSBARNEHAGE DA

Org.nr: 990 949 050

1. EIGARTILHØVE

Villvettene friluftsbarnhage er ein privateigd friluftsbarnhage for barn i alder 2 – 6 år.

Barnehagens eigarform er: Delt ansvarleg selskap – DA

Eigaranes namn og adresse er:

Kari Aas, Hystadvegen 48, 5416 STORD

Maritha Berger Nylund, Hystadvegen 67, 5416 STORD

Tove C. Aas Lindahl, Eikevegen 7, 5416 STORD

Forretningsadresse:

Villvettene friluftsbarnhage

Klingenbergvegen 14

5414 Stord

2. FØREMÅL

Verksemda skal drivast i samsvar med dei til ein kvar tid gjeldande lover, føreskrifter og kommunale vilkår for barnehageverksemd, barnehagens eigne vedtekter, fastsett budsjett og årsplan for barnehagens pedagogiske verksemd.

Barnehagen skal gje barna moglegheit for samvær og leik under tilsyn og omsorg av vaksne, samt gi gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nært samarbeid med barnas heim. Barnehagen skal byggje opp kring leik og læring utandørs / friluftsliv for å skape eit solid fundament for å verta glad i naturen resten av livet.

Barnehagen skal byggje si verksemd på dei kristne og etiske grunnverdiane som er forankra i vår kultur. Barnehagen skal formidle sentrale kristne tradisjonar, slik som dei kjem til uttrykk i våre høgtider.

3. STYRINGSORGAN

Eigarstyret

Eigarstyret består av tre eigarar.

Eigarstyrets oppgåver:

- Ansvar for økonomi innanfor fastsett budsjett og sørgja for tryggande rekneskapsføring i samsvar med kommunens fastsette vilkår.
- Arbeidsgivaransvar, tilsetjingar, behandling av personalsaker.
- Utvikling og oppfølging av barnehagens internkontrollsystem.

Samarbeidsutval

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval (jmf. Lov om barnehagar § 4 med forskrifter).

Samarbeidsutvalet består av 3 medlemmer, der 1 medlem vert valt av foreldreråd, 1 av dei tilsette og 1 av eigarane. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv.

Representantane for foreldre og dei tilsette vert valt for eitt år av gongen. Styrar som ikkje er valt medlem har møte-, tale- og forslagsrett i samarbeidsutvalet.

Det skal i løpet av eit barnehageår holdast min. 2 møter i samarbeidsutvalet og når samarbeidsutvalets leiar finn det naudsynt. For at det skal kunne fattast vedtak må minst to medlemmer av samarbeidsutvalet møte.

Det skal skrivast protokoll som vert underskriven av møtedeltakarane.

Samarbeidsutvalet skal:

- bli førelagt og har rett til å uttale seg i saker som er av viktigheit for barnehagens innhald, verksemd og tilhøvet til foreldra, bl.a. budsjett, driftsendringar, utnytting av ute- og inneareal m.m.
- fastsetja årsplan for barnehagen
- gi uttale til forslag om endringar i vedtektene og retningslinjer for barnehagen (mellom anna betalings- og oppseiingsfristar).
- Påpeika ovanfor eigar, og kan melda frå til kommune eller fylkesmannen som tilsynsmynde dersom barnehagen ikkje vert drive innanfor dei rammene som er sett av gjeldande lover, forskrifter, barnehagens vedtekter og barnehagens budsjett.

Foreldreråd

Foreldrerådet opprettast etter lov om barnehagar - § 4 og forskriftene pkt. 1. Det består av foreldre til alle barn i barnehagen.

Foreldrerådet skal:

- fremme foreldras fellesinteresser
- bidra til eit godt samarbeid mellom heim og barnehagen
- vera med og sikre, samt fremja samarbeidet mellom heim og barnehagen
- føreleggjas saker av viktighet for foreldras tilhøve til barnehagen

Foreldrerådet har rett til å uttale seg før slike avgjersler vert tatt. Ved avstemning i foreldreråd gis det ein stemme til kvart barn.

4. OPPTAK AV BARN

Alle barnehagar i kommunen skal samarbeida om opptak av barn. Kommunen er å sjå som eitt opptaksområde. Opptak av barn foretas etter følgjande kriteria:

1). Funksjonshemma barn har førsterett til barnehageplass dersom barnet etter ein heilskapsvurdering kan ha nytte av opphaldet og barn som det er fatta vedtak om etter barnevernslova.

(Krav til dokumentasjon for barn med nedsett funksjonsevne og for barn det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester.)

3). Søsken til barn som har plass i barnehagen

4). Andre søkjarar

Her vil barnehagen ta omsyn til gruppesamansettinga – alder og kjønn – slik at den vert så god så mogeleg

For å søke om plass i barnehagen må du søke via samordna opptak i Stord kommune. Du kan nytte deg av elektronisk søknadsskjema. Følg linken til kommunens nettsider: <https://stord.ist-asp.com/NO01221-pub/login.htm>

Søknadsfrist 1. mars.

Når eit barn har fått plass, får det behalde denne plassen til den blir sagt opp av foreldra, eller til barnet går over i skulen. Eit barnehageår gjeld frå 1.august til 30.juli.

5. FORELDREBETALING / OPPSEIING

Foreldrebetaling:

- Foreldrebetalinga vert fastsett av eigarstyre, men skal ikkje overstiga statlege satsar for maksimalpris på heiltidstilbod i barnehage. Redusert foreldrebetaling/friplass kan gjevast etter søknad frå føresette med låg inntekt. Informasjon og søknadsskjema ligg på Stord kommune si heimeside
- Barnehagen kan ta inn ei ekstrabetaling til mat/turar/andre aktivitetar. Dette vert avgjort av eigarar saman med samarbeidsutvalet ved nytt

barnehageår. Fortida **kr.250** pr. mnd. (det er ikkje søskenmoderasjon på matpengar)

- Betalinga skjer forskotsvis innan den 5. i kvar månad.
- Betalinga beløper for unytta plass.
- Det vert betalt for 11 månader – juli er betalingsfri.
- Det gis søskenmoderasjon – 30% for barn nr.2 og 50% for barn nr.3
- Ekstra dagar kan kjøpast (avhengig av kor mange som er i bhg. frå før)
Pris pr. ekstra dag: kr. 300

Oppseiing:

- Oppseiing av barnehageplass skal skje skriftleg til barnehagen.
- Det er ein månad oppseiingstid rekna frå 1. månad etter oppseiing.
- Det skal betalast ordinær foreldrebetaling i oppseiingstida.
- Uteblir betalinga vil 1. purring skjer etter 14 dagar, deretter vil gjeldande reglar for inndrivning setjast i verk. Barnet/barna misser plassen etter to mnd., og saka går då vidare til inkasso.

6. OPNINGSTIDER/FERIAR/PLANLEGGINGSDAGAR

- Barnehagens opningstid er frå: kl. 0645 til kl. 1700 (behov for opning **før** 0700 må gis beskjed om dagen før).
- Barnehagen er stengt 4 veker om sommaren (v. 28, 29, 30 og 31)
- Barnehagen har stengt julaftan, nyttårsafta og stenger kl. 1200 onsdag før skjærtorsdag.
- Er det dagar med færre enn 3 barn (romjul eller påskeveka), vert det vurdert stenging av barnehagen.
- Barnehagen har inntil 4 planleggingsdagar i året.

7. LEIKE – OG OPPHALDSAREAL

Barnehagens nettoareal er 72 m². Barnehagen skal ha minimum 4,0 m² til rådighet pr. barn over 3 år og min. 5,3 m² for barn under 3 år.

8. INTERNKONTROLL

Barnehagen plikter å utføre internkontroll i tråd med gjeldande lover og regler.

9. POLITIATTEST

Alle tilsette i barnehagen skal leggja fram tilfredsstillande politiattest.

10. TEIEPLIKT

Eigarstyret, samarbeidsutvalets medlemmer og barnehagens tilsette har teieplikt i høve til forvaltingslova (jmf. Lov om barnehagar § 21 – 23).

11. OPPLYSNINGSPLIKT

Barnehagepersonalet skal gje sosialtenesta bistand i klientsaker, jfr. Lov om barnehagar. § 21. Lov om barnehager §22 understrekar at heile personalet har meldeplikt til barnevernstenesta i samband med mistanke om mishandling og alvorleg omsorgssvikt.

12. FORSIKRING/ANSVAR

Barna er forsikra gjennom barnehagens avtalar gjennom ein kollektiv ulukkesforsikring, som gjelder barnehagens opphaldstid og på direkte veg mellom heimen og barnehagen.

Personalet har ansvar for barna i den tida dei er i barnehagen.

Levering og henting av barna er foreldre og føresette sjølv ansvarleg for. Den som følgjer barnet til barnehagen må ikkje forlate barnet før det har vore i kontakt med personalet.

Barnet skal hentast av ein vaksenperson som er kjent for personalet i barnehagen. Dersom barnet vert henta av ein annan person enn den som vanlegvis hentar barnet, skal barnehagen ha beskjed.

Barnehagen har ikkje ansvar for medbrakte klede eller andre eigendelar.

Endringar vedtatt i eigarstyret 05.10.2016